

---

**Fra:** Vidar Mjøs <vidar-mj@online.no>  
**Sendt:** onsdag 12. oktober 2016 09.22  
**Til:** 'Bøyum Tone'  
**Kopi:** Postmottak Radøy; 'Håkon Zakariassen'; Jon Askeland  
**Emne:** SV: Fløholmen - Radøy kommune

Takk for svar.

Du skriv :

Statens vegvesen har i eit tidlegare planarbeid stilt krav om at planområdet vert utvida til å også gjelde vegarmen til Fløholmen fram til krysset ved fv. 414 Mangerøyvegen. Dette kravet er like relevant no sjølv om planområdet vert utvida slik du skisserer.

Statens vegvesen varsla, ved oppstart av det tidlegare planarbeidet (for småbåthamn), motsegn dersom planområdet ikkje vart utvida, med fortau, langs fylkesvegarmen fram til krysset med Marøyvegen.

Fortausbygging langs eksisterande einfelts kjørevegar er kostbart. I liknande saker har Statens vegvesen rekna kostnaden til anslagsvis kr. 20000 pr. m. Krav om innløyning av eksisterande bygg kan auka kostnaden ytterlegare.

I brevet herifå av 24. august 2016 er fylkesvegarmen sett inn i ein overordna samanheng, med spørsmål om fylkesvegarmen heller bør trafikksikrast med ein heilt ny kjøreveg. Samla sett kan dette verta rimelegare enn å byggja fortau langs eksisterande.

Det er semje om at det ikkje er behov for fortau for den planlagde småbåthamna sin del.

Men området (28/12 Fløholmen og 28/27 Nordre Byngja) har tvillaust eit større utviklingspoteniale.

Korleis skal ein formulera dei ytre rammevilkåra for ein meir omfattande utviklingsplan, og korleis bør dette planarbeidet leggast opp ?

Eg vonar Statens vegvesen kan gje eit meir utfyllande svar for så vidt gjeld det fylkeskommunale vegsystemet.

Siv. ing. Vidar Mjøs  
Fabrikkg. 7B  
5059 Bergen  
[vidar-mj@online.no](mailto:vidar-mj@online.no)  
tlf 55 59 82 62  
mob 907 88 921

---

**Fra:** Bøyum Tone [<mailto:tone.boyum@vegvesen.no>]  
**Sendt:** 7. oktober 2016 14:29  
**Til:** [vidar-mj@online.no](mailto:vidar-mj@online.no)  
**Kopi:** Radøy kommune <[postmottak@radoy.kommune.no](mailto:postmottak@radoy.kommune.no)>  
**Emne:** Fløholmen - Radøy kommune

Statens vegvesen syner til brev mottatt 25.08.2016.

I brevet stiller du fleire spørsmål knytt til utvikling av næringsområde / småbåthamn på Fløholmen i Radøy kommune.

Statens vegvesen har i eit tidlegare planarbeid stilt krav om at planområdet vert utvida til å også gjelde vegarmen til Fløholmen fram til krysset ved fv. 414 Mangerøyvegen. Dette kravet er like relevant no sjølv om planområdet vert utvida slik du skisserer.

Det er elles Radøy kommune som er rett planmynde i denne saka, og vi meiner at spørsmåla du stiller må rettast til kommunen.

Med helsing  
Tone Bøyum

**Seksjon:** Plan- og forvaltningsseksjon Bergen  
**Postadresse:** Statens vegvesen Region vest, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER  
**Kontoradresse:** Nygårdsgaten 112, BERGEN  
**Telefon:** +47 55516792 **e-post/Lync:** [tone.boyum@vegvesen.no](mailto:tone.boyum@vegvesen.no)  
[www.vegvesen.no](http://www.vegvesen.no) **e-post:** [firmapost-vest@vegvesen.no](mailto:firmapost-vest@vegvesen.no)

Tenk miljø - spar papir. Treng du skrive ut denne e-posten?